Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. Spørsmålet om annullering av ei prøve i eit fag skal avgjerast av faglærer. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før det vert teke avgjerd om prøva skal bli annullert.

Eleven har likevel rett til å fullføre prøva/eksamen på prøve-/eksamensdagen. Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktkarakteren bort.

Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist tidlegast eitt år etter den annullerte eksamen. Skolen skal informere eleven, og dei føresette til elevar under 18 år, om klageretten. Fusk eller forsøk på fusk på prøve/eksamen vil kunne få konsekvensar for karakteren i åtferd.

## §9 Bortvising frå prøve og eksamen

Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av prøve eller eksamen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med dei retningslinene som Utdanningsdirektoratet/fylkeskommunen har for prøvegjennomføring og eksamen, kan eleven, etter å ha blitt åtvara, visast bort.

Bortvising frå prøve vert avgjort av faglærer.

Bortvising frå eksamen skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Enkeltvedtak om bortvising frå eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising.

## § 10 Skolebiblioteket

Som brukar av skolebiblioteket skal eleven følgje utlånsreglane.

Alt materiell som vert lånt ut av skolebiblioteket, også lærebøkene, er skolen sin eigedom.

Det ein låner skal innleverast til avtalt tid og i god stand. Det betyr at:

- ein ikkje skal skrive, streke under eller bruke markørtusj i bøkene
- bøkene ikkje skal mangle sider, ha vasskade, vere tilgrisa eller på annan måte ha meir enn normal slitasje

Lånetakaren er sjølv ansvarleg for alt materiell som vert lånt på lånekortet. Dersom materiell går tapt eller vert øydelagt, er lånetakaren erstatningspliktig.

Etter 3 purringar frå skolebiblioteket, utan reaksjon frå lånetakaren, vert det sendt rekning ut frå gjeldande erstatningssatsar. Dersom materialet framleis ikkje vert innlevert, eller rekninga ikkje betalt, vil ein sende inkassokrav.

## §11 Bruk av elektronisk utstyr i skolen

Til grunn for bruk av PC i skolen er det fastsett eit eige IKT-reglement som gjeld for elevar ved dei vidaregåande skolane.

I undervisningstimane skal alt elektronisk utstyr (t.d. mobiltelefon, mp3-spelarar, berbar PC) vere avslått dersom ikkje anna er avtalt eller planlagt med læraren.

I arbeidsøktar med bruk av berbar PC skal PC-skjermen leggjast ned når læraren ber om det.

Det er eleven sitt ansvar at PC-en fungerer som han skal og kan brukast på skolen sitt trådlause nett.

Når eleven bruker Internett skal skolen sine nettvett- og IKT-reglar følgjast.

## §12 Reaksjonar ved brot på ordensreglementet

Berre refsingstiltak som går fram av ordensreglementet kan brukast for elevar som handlar i strid med reglementet. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. (Oppl.l.§3-7, 3.ledd)

Nødrett og nødverje gir ein viss rett for personalet på skolen til å stoppe basketak og slåssing mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan ut frå forholda vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skader seg sjølv eller andre, eller skader eigedommen til skolen eller eigedommen til andre.

Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader eller plagar andre eller skader seg sjølv eller skoleeigedommen.

I tillegg til refsingstiltaka kan det bli nødvendig å sette inn tilleggstiltak som t.d.:

- Avgrensa og mellombels avstenging av tilgang til spesielle aktivitetar.
- Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser kan føre til heimsending
- Ved skade eller tilgrising på skolen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing – jf. § 6, eller erstatning etter reglane i Skadeerstatningslova.
- Som hovudprinsipp i mobbesaker gjeld at mobbaren skal flytte skole

- Lovbrot vil bli meldt til politiet

## §13 Vurdering i orden og åtfærd

Formålet med vurdering i orden og åtfærd er å medverke til ein god sosialiseringssprosess for eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og eleven si åtfærd (f. §3-2, 4.ledd)

Brot på ordensreglementet kan difor føre til nedsett karakter ved halvårsvurdering og/eller standpunktarakter i både orden og i åtfærd.

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet ved skolen. (f. §3-5, 1.ledd)

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr. (f. §3-5, 2. ledd)

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til korleis eleven oppfører seg på skoleområdet overfor medelevar, lærarar og andre tilsette, og korleis elevane ter seg mot kvarandre på skolevegen. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre. (f. §3-5, 3. ledd)

I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar, unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. (f. §3-5, 5.ledd)

Fråværr kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtfærd. (f. §3-5, 5.ledd)

Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktarakterar i orden og i åtfærd skal vere orden og åtfærd hos eleven det siste halve skoleåret.

Det er berre standpunktarakteren i orden og i åtfærd ført på dokumentasjonen som skal reknast som enkeltvedtak og løyser ut klagerett.

Døme på kva som vert lagt til grunn for ordenskarakteren:

- Arbeidsinnsats
- Oppmøte – avtalar og fristar
- Ugyldig fråværr
- Behandling av læremiddel/materiell
- Halde det ryddig på arbeidsplass og fellesrom

Døme på kva som vert lagt til grunn for åtfærdskarakteren:

- Mobbing og trakassering/krenkande åtfærd
- Skadeverk
- Lovbrot
- Bruk av rusmiddel og tobakk
- Juks/plagiat/kjeldemisbruk
- Øydelegging av læringsmiljøet
- Eting og drikking i timane

## § 14 Refsingstiltak utan klagerett

1. Munnleg eller skriftleg påtale frå ein av dei tilsette ved skolen
2. Merknader

3. Gjenstandar som blir brukt til å forstyrre undervisninga kan beslagleggast. Beslaglagde gjenstandar kan leverast attende til eleven etter skoletid
4. Ulovlege og/eller farlege gjenstandar skal beslagleggast og kan overleverast til politiet.
5. Rusmiddel vert beslaglagt og narkotika overlevert politiet
6. Bortvising frå den aktuelle timen/aktiviteten for resten av arbeidsøkta etter vedtak fatta av faglærar. Ved slik bortvising har skolen framleis tilsynsansvar for eleven.
7. Bortvising frå resten av skoledagen etter vedtak fatta av rektor

## § 15 Refsingstiltak med klagerett

Følgjande er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:

1. Annullering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv
2. Bortvising frå eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv
3. Bortvising for ein heil skoledag - og inntil fem skoledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv
4. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdanningssjefen om pålagt skifte av skole etter sak om vald eller mobbing
5. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdanningssjefen om bortvising for resten av skoleåret
6. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdanningssjefen om bortvising for resten av skoleåret med tap av rett til vidaregåande opplæring
7. Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven visast bort for resten av skoleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skoleåret kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. (Oppl.l.§3-8)

## § 16 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett

Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet, skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.

Ved vedtak som kan føre til bortvising for meir enn resten av skoledagen, skal vedtaket grunnjevast i eige brev til eleven. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett og klagefrist, og rett til å sjå eventuelle dokument i saka. (fvl.§27,3ledd)  
Klageretten gjeld sjølv om vedtak om bortvising kan setjast i verk umiddelbart. Eleven skal også få orientering om at det i spesielle høve kan søkast om utsetting av sjølve bortvisinga til handsaminga av ein eventuell klage er sluttført. (fvl §27, 3.ledd)

## §17 Klagehandsaming

Ein klage skal vera skriftleg og grunnjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga på, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.

Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket.

Klage på bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor.

Klage over på annullering og bortvising frå eksamen skal sendast rektor.

Klage over på bortvising for resten av skoleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til fylkesutdanningsssjefen.

Dersom rektor opprettheld bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følge, skal rektor sende klagen med si utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til fylkesutdanningsssjefen som klageinstans.

Dersom rektor opprettheld vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen.

Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet, og rektor, eventuelt fylkesutdanningsssjefen, si utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

### **Klageinstansar**

Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er Fylkesmannen klageinstans.

Ved vedtak om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv, er Fylkesmannen klageinstans.

Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er Fylkesutdanningsssjefen klageinstans.

Ved vedtak om bortvising for resten av skoleåret som er fatta av fylkesutdanningsssjefen i medhald av delegasjonsfullmakt, er den fylkeskommunale klagenemnda klageinstans.

Ved vedtak om tap av opplæringsrett som fylkesutdanningsssjefen har fullmakt til å fatte, er Fylkesmannen klageinstans.

## **§ 18 Tillegg til ordensreglementet**

I tillegg til ordensreglementet er det fastsett et eige IKT-reglement for elevar ved Møre og Romsdal fylke sine vidaregåande skolar.

For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordensreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar etter behandling i skoleutvalet og elevrådet. Desse kan ikkje vere i strid med ordens- og ikt-reglementet.

Dette kan t.d. gjelde:

- Ekskursjonsreglement
- Reglar for kantina
- Internatreglement
- Reglar for skolekjøkken og verkstader
- Ordensteneste
- Utlånsreglement
- Reglar for skoleavisa
- Eventuelle andre spesielle tilhøve

# **IKT-reglement for elevar ved MRfylke sine vidaregåande skolar**

## **Definisjonar**

**Fylkesnett:** Den elektroniske sambandstrukturen som knyter saman dei fylkeskommunale verksemdene opp mot tenestene sentralt i fylket og mot Internett

### **Elevnett:**

Den delen av fylkesnett som er sett av til tenestene som elevane skal kunne nå. Dette nettet er strengt separert frå administrasjonsnett.

### **Administrasjonsnett:**

Den delen av nettet som er nytta til samband mot dei administrative tenestene som ligg sentralt i fylket (t.d. økonomi/løn, sak/arkiv, elevadministrasjon, tannhelsesystem, m.m.).

Digitale ressursar: Programvare, læringsressursar, e-post, web-baserte datatenester (læringsplattform) m.m. Dette omfattar både ressursar som MRfylke stiller til rådvelde og egne ressursar (t.d. filar og dokument)

Datatenester: Kommunikasjonsressursar (t.d. elevenettet) og utstyr (t.d. serverar) som dei digitale ressursane er installert på.

Brukar: I dette reglementet er brukar ein person med elevstatus etter forkrift til opplæringslova kapittel 6. Brukar er og ein person som vert gitt gjestebbrukarkonto på elevnett av MRfylke

Tryggleikssperrer: Ei sperre, logisk og/eller teknisk (t.d. brannmur), som skal hindre uvedkomande tilgang til dataressursar i fylkesnett og sikre at innhald i fylket sine datatenester ikkje vert endra, sletta eller på annan måte gjort inngrep som gjer at datatenestene ikkje lenger kan brukast (t.d virus).

Brukaridentitet: Brukarnamn og passord

Brukarkonto: Digitale ressursar som eleven blir gitt tilgang til. Ein brukarkonto kan vere samansett av fleire brukaridentitetar.

Brukarnamn: Eit namn som gir eleven ein unik identitet i elevnett

Passord: Ein (eller fleire) alfanumerisk kode(ar) som opnar eleven sin(e) brukarkonto(ar)

Maskinidentitet: Maskina sin IP-adresse

For å få tildelt brukarkonto til elevnett skal eleven (eller føresette for elevar under 18 år) skrive under fylket sitt IKT-reglement. Underskrifta er ei stadfesting av at reglementet er lest, forstått og akseptert.

## **Reglementets virkeområde**

§1-1 Dette reglementet regulerer brukaren sine rettar og plikter ved bruk av MRfylke sine datatenester og digitale ressursar.

## **Kapittel 2 Identitet og brukarkonto**

§ 2-1 MRfylke tildeler eleven ein brukarkonto.

§ 2-2 Eleven skal sørge for at eige passord ikkje blir gjort kjend for andre. Dersom brukaren veit, eller får mistanke om, at passordet er blitt kjent for andre, skal skolen varslast umiddelbart.

**Merknad:**

Eleven er personlig ansvarleg for all aktivitet som blir utført på fylkesnettet ved bruk av eigen brukarkonto. Eleven må difor aldri gje opp sitt passord eller låne ut kontoen sin til andre.

§ 2-3 Det er ikkje lov å gjere bruk av ein annan person sin brukarkonto.

§ 2-4 Det er ikkje lov til å endre, slette eller øydelegge digitale ressursar som tilhøyrer andre brukarar.

§ 2-5 Eleven har ikkje lov til å gjennomføre tiltak for å skjule sin identitet på fylkesnettet og Internett.

§ 2-6 Eleven har ikkje lov til å gjennomføre tiltak for å skjule eigen eller andre sin datamaskinidentitet på fylkesnettet og Internett

§ 2-7 Det er ikkje lov å gi seg ut for å vere ein annen person eller å opptre anonymt ved bruk av elektronisk post.

## **Kapittel 3 Bruk**

§ 3-1 Elevnettet skal brukast til opplæring etter dei gjeldande læreplanane i vidaregåande opplæring.

**Merknad:**

Bruken skal avgrensast til å gjelde bruk av digitale ressursar i samanheng med eleven sitt læringsarbeid. MRfylke kan sette i verk tiltak for å avgrense bruken av opne dataressursar ved å stenge for tilgang i elevnettet. Dette kan til dømes vere spelesider, sider med pornografisk innhald, sider med rasistisk innhald, nedlasting av musikk og video og sider med underhaldning. Ved avgrensing av nettbruken skal dette gjerast i samråd med den enkelte skole og elevrådet.

§ 3-2 Bruken av dei dataressursane som vert gjort tilgjengeleg for eleven av MRfylke skal vere i samsvar med dei lisens- og abonnementsvilkåra som gjeld for MRfylke.

**Merknad:**

Det er ulovleg for eleven å kopiere eller bruke programvare eller andre ressursar som er stilt til rådvelde av MRfylke utan å ha forsikra seg om at dette er i samsvar med lisens- eller abonnementsvilkåra. MRfylke må sørge for å gi informasjon om dei vilkåra som gjeld for bruken av dei digitale ressursane som vert stilt til rådvelde. Bilde eller video av ein eller fleire personar kan bare leggast ut dersom det er innhenta skriftlig samtykke frå den/dei personane det gjeld eller i dei tilfella som er nemnt i åndsverkloven § 45c. Eleven er personleg ansvarleg for dei krav av rettsleg og økonomisk art som rettshavarar måtte fremje ved bruk eller distribusjon av materiale utan løyve, medrekna nedlasting og bruk av piratkopiert programvare. Brukaren er sjølv ansvarleg for lagring og tryggleikskopiering av egne datafilar.

§ 3-3 Eleven har plikt til å sørge for at eige datautstyr som blir brukt i fylkesnettet til ein kvar tid har installert oppdatert og aktivert antivirusprogramvare.

**Merknad:**

Skolen har plikt til å informere om tilgjengeleg programvare.

§ 3-4 Eleven har ikkje lov til å:

opne, eller prøve å opne, brukarkontoar som eleven ikkje er tildelt gjere tiltak for å overvake fylkesnettet for å fange opp digital informasjon utføre aktivitetar som strid mot norske lovar og forskrifter framsette truslar, ærekrenkingar eller utøve mobbing, samt formidle, laste ned eller oppbevare pornografisk eller rasistisk materiale utføre aktivitetar som grip inn i drifta av fylkesnettet

Merknad:

Innbrot, eller forsøk på innbrot, ved aktivt å gjere tiltak for å omgå eller fjerne tryggleikssperrar på brukarkontoar, datamaskiner eller komponentar i fylkesnettet er ulovleg. Likeeins er det ulovleg å bruke eigen, andre sin datamaskin eller andre sine elektroniske innretningar for å endre datatrafikken i fylkesnettet.

§ 3-5 Eleven skal melde frå om mistanke om brot på reglement, uautorisert bruk av fylkesnettet eller andre tilhøve som er ulovleg eller vil påverke drifta av fylkesnettet på ein slik måte at det vert til ulempe for andre brukarar.

## **Kapittel 4 Overvaking**

§ 4-1 MRfylke kan gjere tiltak for å få innsyn av aktivitet i elevnettet ved at brukaren sin maskinidentitet vert loggført.

Merknad:

For å sikre stabil drift av nettet og det ikkje vert brukt til formål det ikkje er berekna for, jf. § 3-1, vil ein loggføre datamaskinene sin aktivitet på Internett. I tillegg vert trafikken loggført for å sørje for at fylkesnettet og dei digitale ressursane i systema vert brukt i samsvar med dette reglementet. Overvaking er og eit tiltak for å sikre mot uautorisert inntrenging i fylkesnettet og dei digitale ressursane. Dette er nødvendige tiltak for å sikre tryggleiken og drifta av fylkesnettet. Elevane skal informerast om loggføringa

§ 4-2 Private datamaskiner som skal brukast i gjennomføring av digital eksamen skal godkjennast av MRfylke.

Merknad:

MRfylke skal kunne gjennomføre elektroniske overvakingstiltak ved prøver, tentamenar og eksamen når datautstyr vert brukt. Bruk av ikkje tillatne hjelpemiddel, t.d. andre sine dataressursar og kommunikasjon under prøver og eksamen vil normalt vere definert som fusk eller forsøk på fusk dersom slike hjelpemiddel ikkje er tillatt. Det same gjeld innlevering av arbeid som ikkje er eleven eige produkt, jf. skolereglement.

## **Kapitel 5 Avslutte brukarkonto**

§ 5-1 Kontoen til den som sluttar som elev i MRfylke vert sletta. Eleven har sjølv ansvar for å lagre personlege data han eller hun ønskjer å behalde. Det er ikkje lov å lagre data frå elektronisk arkiv, dokument eller filar som ikkje elles er tilgjengeleg offentleg.

§ 5-2 Materieil tilhøyrande MRfylke skal leverast tilbake. Alle kopiar av programvare, dokumentasjon, digitale ressursar eigd av, eller lånt ut av MRfylke, skal slettast slik at det ikkje lenger er tilgjengelig for eleven, dersom ikkje anna er avtalt, jf § 2-2.

§ 5-3 Når elevstatusen opphøyrer skal fylket sin IKT-administrasjon sperre brukarkontoen for vidare bruk. Kontoen vert sletta seinast 1 månad etter at eleven har slutta. IKT-administrasjonen plikter å behalde tryggleikskopi av digitale eksamenssvar inntil 1 år etter at kontoen er sletta.

## **Kapittel 6 Generelle reglar for god bruk av digitale ressursar**

§ 6-1 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar på måtar som strid mot opphavsretten etter åndsverklova.

§ 6-2 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar på måtar som krenker grenser for sømeleg og anstendig åtferd, eller som er krenkjande.

Merknad:

Krenkjande, usømeleg eller rasistisk åtferd vil kunne føre til at eleven mister rettane til brukarkontoen, eventuelt i tillegg til andre sanksjonar som fastsett i skolereglementet.

§ 6-3 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar til å framsette truslar og hets, utøve mobbing eller opptre på rasistisk vis.

§ 6-4 Brukaren skal på elevnettet og Internett opptre ærleg, høfleg og vise respekt for andre personar sitt livssyn, nasjon og rase.

§ 6-5 Brukaren skal vere kritisk før eit e-postvedlegg vert opna. frå ein sendar brukaren ikkje kjenner, eller med eit innhald som verkar useriøst eller uforståeleg.

Merknad:

Slett straks meldingar med mistenkeleg innhald (særleg slike som går på å vinne 100 dollar utan innsats osv.), sjølv om det er frå personar du kjenner. Virus blir ofte spreidd via eksisterande e-postkatalogar. Reduser privat e-postkontakt til eit minimum. Unngå mest mogeleg å få di e-postadresse registrert i private adressekatalogar.

## **Kapittel 7 Brot på reglementet**

§ 7-1 Dette IKT-reglementet er ein del av skolereglementet. For brukarar som bryt reglane i dette reglementet vil tiltak bli vurdert etter dei reglane som er fastsett i skolereglementet. I særlege tilhøve vil brot på reglementet kunne føre til erstatningsansvar og straffeansvar.

§ 7-2 For brukarar som bryt reglane i dette reglementet kan brukarkontoen bli sperra.

§ 7-3 Mistanke om lovbrøt kan bli meldt til politiet.

§ 7-4 Alvorlege brot på dette reglementet skal rapporterast til skolen si leiing.

## **Kapittel 8 Særskile reglar**

§ 8-1 MRfylke er ikkje ansvarleg for tap av data, bortfall av digitale ressursar eller andre tap som skuldast sviikt i interne eller eksterne datatenester. Fylkeskommunen/skolen har ikkje ansvar for private datamaskiner eller anna privat datautstyr.

§ 8-2 Brukar kan ikkje bruke digitale ressursar til nokon form for kommersiell verksemd slik som kjøp eller sal av varer og tenester. Det er heller ikkje lov til å bruke ressursar til å inngå bindande kontraktar eller å avtale overføring av verdiar, t.d. Internettauksjonar.

Merknad:

Unntak frå denne regelen kan bli gitt dersom bruken av digitale ressursar til kjøp og sal er kopla til opplæringa, t.d. Ungt Entreprenørskap.

§ 8-3 MRfylke kan gjere endringar i datatenester som har verknad for brukaren.

Merknad

I situasjonar der ein ikkje får varsla om endringar og inngrep i ressursar og tenester som har verknad for brukaren,

skal brukaren i ettertid bli informert om kva for tiltak som er gjennomført. Dersom tiltaka gjer at brukaren sjølv må gjennomføre tiltak skal MRfylke opplyse spesielt om slike tiltak.

## SAMARBEID MELLOM SKOLEN OG FORELDRE/FORESATTE

Sunddal vidaregåande skole ser på samarbeidet mellom heim og skole som svært verdifullt. Vi ber alle allerede nå ved skolestart om å merke seg to datoer for fellesmøter. For foreldre/foresatte til elever på vidaregåande trinn 1 (1. år) holdes det orienteringsmøte torsdag 23. september. Mot slutten av første semester, nærmere bestemt torsdag 2. desember, arrangeres foreldremøte/kontaktmøte for foreldre/foresatte til elever på vidaregåande trinn 1(1. år) og på vidaregåande trinn 2 (2. år). Her vil det bli gitt en generell orientering om skolen og gruppene. Dessuten vil det bli anledning til individuelle samtaler med faglærere, kontaktlærer og skoleledelsen.

Det kan også avtales tid for konferanse utenom de faste foreldremøtene. Vi anbefaler at det avtales tid og sted på forhånd (ring 902 18 000). Vi gjør oppmerksom på at skolen ikke kan gi opplysninger om personlige og/eller skolefaglige forhold vedr. myndige elever, unntatt dersom eleven selv gir sin skriftlige tillatelse til at slike opplysninger blir gitt.

## SKOLERUTE (for elevane) FOR SKOLEÅRET 2010-2011

2010		Tal på skoledagar
<b>MÅNAD</b>		
August	Første skoledag: Torsdag 19.	9
September		22
Oktober	Hautferie : Veke 40, måndag 4. - fredag 8.	16
November		22
Desember	Siste skoledag før jul : Tysdag 21.	15
<b>2011</b>		
Januar	Første skoledag : Tysdag 4.	20
Februar	Vinterferie frå og med måndag 28.	19
Mars	Vinterferie:Veke 9, måndag 28.02 - fredag 4.	19
April	Påskeferie : Måndag 18. - måndag 25.	15
Mai		21
Juni	Elevfri dag: Fred 3. Siste skoledag: Tysdag 21.	12
	Sum	<b>190</b>

Ressursentervirksomheten  
ved  
Sunnal vidaregåande skole



SPRANGET MOT KUNNSKAPEN

ambisjoner  
utfordring  
utvikling  
vekst

ambisjoner  
utfordring  
utvikling  
vekst